



Improvisert kor leia av Svanhild Haugland imponerte stort

Hobbyklubben på Bedehuset har ikveld hatt ein frisk haust-start. Det møtte fram 16 engasjerte unge og for 10 av dei var det første visitt i klubben. Det lovar bra for det som skal skje fram mot jul. Ikkje minst imponerte dei frammøtte med sin vakre song og det var lett å forstå at mange av dei har bakgrunn frå skulekoret. 9 av dei går no i 5. klasse.



[Kvifor ikkje satsa på produksjon av bunadsbelte?](#)

Lærarane for dei ymse aktivitetane orienterte om tilbodet. Tore og Britt Torill Mathiesen streka under at det må lagast eit godt julenummer av Uskedalsposten - det åttande i rekkja.

Svanhild Haugland lanserte ei nytt prosjekt - eit bunadsbelte, Jon Harald Kjærland skal slå eit slag for friluftslivet og Oddbjørg Heimark skal innvie si gruppe i kjøkenets mysterier. Dei nye fekk også eit inntrykk av kva Hobbyklubben har prestert tidlegare då filmen med mobbing som tema vart vist. Og så var det sjølv sagt noko å bite i.....

Tidlegare på kvelden var det sesongstart for Sundagsskulen i kjellaren og der hadde det møtt fram 10 agentar og medlemmer av gullivergjengen. Dei la for dagen stor kreativitet med fargar før Marianne Myklebust leia songen. Sundagsskulen er for dei frå 3 år til 4.klasse.



Det var 10 som møtte på søndagsskolen i kjellaretasjen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Vær med og lag eit godt julenummer!